

**Sakshandsamar:**

Lena Merete Söderholm
E-post: lena.soderholm@sfj.no
Tlf: 57 65 62 58

Vår ref.

Sak nr.: 13/1984-5
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internett l.nr.


12886/13

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 16.04.2013

Fiskeri- og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep.

0032 Oslo



Tillegg til høyringssvar tidlegare sendt frå Sogn og Fjordane fylkeskommune – Utkast til forskrift om tildeling av løyve til havbruk med laks, aure og regnbogeaure i sjøvatn 2013

I arbeidsutvalet i Vestlandsrådet den 11.04.13 vedtok Sogn og Fjordane fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune og Rogaland fylkeskommune å sende inn ein felles uttale i høyringssaka i tillegg til fylka sine vedtak frå eigne politiske utval.

Vedtak frå Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane vart sendt Fiskeri- og kystdepartementet i brev datert 10.04.13, og denne felles uttala frå dei tre Vestlandsfylka er å sjå på som eit tillegg til tildegare innsendt høyringssvar.


Vedtak i AU i Vestlandsrådet:

- Den «grøne teknologien» bør først og fremst nyttast der miljøgevinsten er størst. Oppdrettsintensive områder eller dei mange nasjonale laksefjordane på Vestlandet vil vere aktuelle områder for utprøving av ny teknologi.
- Ulike deler av kysten har ulike utfordringar. Det kunne vere ein overordna gevinst at næringsaktørar prøver ut ulike driftsformer og ulike teknologiske konsept tilpassa dei ulike ver-, klima- og miljøtilhøve ein finn langs Norskekysten, og at denne variasjonen vert teke vare på i tildelinga.
- Både store, mellomstore og små aktørar er viktige for Vestlandet. Det er ein sjanse for at større aktørar har råd til å by høgare pris for løyvet enn det dei mindre aktørane har økonomisk høve til, sjølv om desse kan ha teknologiske konsept som er minst like gode som dei andre. For å ta vare på ein differensiert næringsstruktur, bør det difor settast ei grense på tal løyve ein aktør kan få.
- Fleire løyve bør vere reservert for små og mellomstore aktørar, og då i heile landet og ikkje berre i dei to nordlegaste fylka.
- Fylkeskommunane har gjennom fleire år opparbeidd ein solid kompetanse som vi meiner kan vere eit viktig bidrag inn i faggruppa som skal tildele løyve. Mange av våre medarbeidarar har ein




spanande kombinasjon av relevant høgare utdanning (marinbiologi, fiskehelsebiologar etc.) og erfaring frå heilskapleg planlegging og erfaring frå fleire års arbeid mot og med akvakulturnæringa. Gjennom eit Vestlandssamarbeid innan marin sektor (*VestMarin: Vestlandssamarbeidet – Marin satsing*), og vil tilby å stille med ein representant i faggruppa på vegne av den tyngste oppdrettsregionen i landet.

Med helsing



Endre Høgalmen
ass. fylkesdirektør for næring



Lena Merete Søderholm
fagkoordinator havbruk/fiskeri